

23. mars 2020

TILSYNSRAPPORT

Rett til spesialpedagogisk hjelp –
gjere vedtak

Stryn kommune

Samandrag

Temaet for tilsynet er retten til spesialpedagogisk hjelp. Under dette temaet kontrollerer vi undertema:

«Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19 e., jf. § 19 a., jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen art 3.»

Føremålet med retten til spesialpedagogisk hjelp er å gje barnet tidleg hjelp og støtte i til dømes språklege og sosiale ferdigheitar. Dette følger av barnehagelova § 19 a andre ledd. Hjelpa skal medverke til barnets utvikling og læring. Hjelpa skal også medverke til at barnet blir betre rusta til å starte på skule og til at barnet får nødvendig hjelp, slik at barnets vanskar blir avhjelppt på eit tidleg tidspunkt.

Når vi kontrollerer kommunen som barnehagemyndigheit sin praksis for å gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, er det for å sikre at barnehagemyndigheita etterlever regelverket på området. Det vil mellom anna seie å undersøke at enkeltvedtaka er så klare og tydelege at det er mogleg for foreldra å forstå kva som er omfang, innhald og organiseringa av den spesialpedagogiske hjelpa.

I den førebelse rapporten konkluderte Fylkesmannen med at kommunen ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi fann at:

- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneheld informasjon om kva hjelpa skal gå ut på, kva timeomfang hjelpa skal ha, korleis hjelpa skal organiserast eller kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha.
- Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp ikkje inneheld tilbod om foreldrerådgeving.
- Kommunen tek ikkje stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Kommunen fekk to vekers frist til å uttale seg om denne rapporten.

Fylkesmannen fekk tilbakemelding frå Stryn kommune i brev datert 10. mars 2020.

Stryn kommune har ikkje kommentarar til innhaldet og konklusjonane i den førebelse tilsynsrapporten. Kommunen har på bakgrunn av den førebelse rapporten, sett i gang arbeidet med å rette opp dei brota på regelverket som Fylkesmannen har påpeikt, mellom anna utarbeidd ein ny mal for enkeltvedtak. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen har intensjon om at den nye malen vil gi grunnlag for ny praksis, men at ny praksis ikkje er dokumentert gjennomført.

Innhald

Samandrag.....	2
1 Innleiing.....	4
1.1 Kort om kommunen	4
1.2 Om gjennomføringa av tilsynet	4
2 Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp	5
2.1 Krav til innhald i vedtak	5
2.1.1 Rettsleg grunnlag.....	5
2.1.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar	5
2.2 Særskilt plikt til å grunngje vedtak	8
2.2.1 Rettsleg grunnlag.....	8
2.2.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar	8
2.3 Barnets beste.....	9
2.3.1 Rettsleg grunnlag.....	9
2.3.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar	9
2.4 Informasjon om klagerett og innsyn.....	10
2.4.1 Rettsleg grunnlag.....	10
2.4.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar	10
3 Fylkesmannens reaksjonar	10
3.1 Pålegg om retting	10
3.2 Oppfølging av pålegga	11
4 Kommunen har rett til å klage.....	11

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Kommune er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barna. Denne risikovurderinga byggjer på følgjande kjelder:

- Informasjon i Basil om tal barn i kommunen med spesialpedagogisk hjelp.
- Fylkesmannen si sektorovervaking. Fylkesmannen har generelt registrert ei uklar regelverksforståing når det gjeld grensegangen mellom barns rett til spesialpedagogisk hjelp (§ 19 a) og rett til individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (§ 19 g).

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen opna tilsyn med Stryn kommune i brev 9. januar 2020. Kommunen blei pålagt å levere dokumentasjon til oss, og Fylkesmannen fekk dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet 31. januar 2020.

Temaet for tilsynet er retten til spesialpedagogisk hjelp.

Under dette temaet kontrollerer vi undertema:

- Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19 e., jf. § 19 a., jf. forvaltningslova §§ 2, 18, 19, 24, 25 og 27, og Barnekonvensjonen art 3.

Formålet med tilsynet er å kontrollere at kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjeld barn under opplæringspliktig alder sin rett til spesialpedagogisk hjelp.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

I rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar. Avslutningsvis har vi også vurdert våre konklusjonar opp i mot tilbakemeldinga frå kommunen om korleis brot på regelverket vil bli retta.

2 Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp

2.1 Krav til innhald i vedtak

2.1.1 Rettsleg grunnlag

Enkeltvedtaket set ramme for retten til spesialpedagogisk hjelp. Det skal vere individualisert. Enkeltvedtaket skal fastsetje barnets tilbod klart og tydeleg, og det skal klart og fullstendig seie kva slags hjelp barnet skal få på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta, jf. «Veilederen Spesialpedagogisk hjelp», Utdanningsdirektoratet.

Vedtaka kommunen gjer må innehalde informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på, og kor lenge ho skal vare, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav a og b. Det må òg gå fram av vedtaka kva for eit timeomfang hjelpa skal ha, det vil seie talet på timar hjelp per år eller per veke som barnet skal få, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav c. Det må òg gå tydeleg fram av vedtaket korleis hjelpa skal organiserast, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav d. Spesialpedagogisk hjelp skal som hovudregel givast av ein person med formell pedagogisk kompetanse, og vedtaket må vere tydeleg på kva for kompetanse som krevst av dei som skal gi hjelpa, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav e. Dersom delar av hjelpa skal givast av assistent, må dette gå tydeleg fram av vedtaket, og det må vere klart kven som er ansvarleg for å rettleie assistenten. I tillegg til ressursar som skal dekkje barnet sitt behov, må vedtaket òg omfatte tilbod om foreldrerettleiing, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav f.

Det er kommunen som barnehagemynde som er ansvarleg for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn i kommunen, jf. barnehagelova § 19 a.

2.1.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på?

Dei tilsendte vedtaka frå Stryn kommune er utforma på same måte, med sjølve vedtaksformuleringa i ei ramme/ein tabell innleiingsvis, som synleggjer innvilga spesialpedagogisk hjelp. I denne ramma er eitt av tre punkt «Innhald». Innhaldet er omtalt med ei kort setning i dette oppsettet, som til dømes «gje (barnet) nødvendig støtte og hjelp ved behov», «støtte i leik og aktivitetar». Innhaldet i den spesialpedagogiske hjelp er ikkje utdjupa i nokre av vedtaka under eige punkt om kva hjelpa skal gå ut på.

I eigenvurderinga – RefLex – har kommunen svart at det står i sjølve vedtaket kva hjelpa skal gå ut på, og at det vidare blir vist til at hjelpa skal vere i tråd med sakkunnig vurdering og utformast i samarbeid med foreldra.

Barnehagelova har eit spesifikt krav i § 19 e pkt. a), om at vedtaket skal seie kva hjelpa skal gå ut på. Fylkesmannen finn ikkje at dette er særskilt omtalt i vedtaka, ut over den korte setninga som vi har sitert døme på. Det er eit krav at enkeltvedtaket skal fastsetje barnets tilbod klart og tydeleg, jf. «Veilederen spesialpedagogisk hjelp» pkt. 7.1 «*Krav til innholdet i enkeltvedtaket*», og vi finn at dette ikkje er gjort i vedtaka.

Kommunen viser til at vedtak er i samsvar med sakkunnig vurdering, men dei sakkunnige vurderingane som er grunnlag for vedtaka har heller ikkje ein spesifikk uttrykt formulering med råd om kva hjelpa skal gå ut på. Vedtaksorganet har såleis ingen konkrete råd å som grunnlag for å fastsetje kva hjelpa skal gå ut på.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt a) ikkje er oppfylt.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kor lenge hjelpa skal vare?

Alle vedtaka har ei formulering om at barnet får innvilga spesialpedagogisk hjelp barnehageåret 2019/20. Dei fleste vedtaka er datert i desember 2019, utan at det går fram om vedtaket er ei vidareføring av vedtak for hausten.

Lovkravet er at vedtaket skal vere tydeleg på kor lenge den spesialpedagogiske hjelpa skal vare, og dette går fram av alle vedtaka frå kommunen.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt b) er oppfylt.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva timeomfang hjelpa skal ha?

Det er tydeleg oppgitt i kvart vedtak kva timeomfang som er tildelt til spesialpedagogisk hjelp. Timane er oppgitt som årstimar, og under overskrifta «Omfanget av spesialundervisninga» er det utrekna kva timetal pr. veke og eventuelt pr. dag dette utgjer.

Fleire av vedtaka har ei formulering om at pedagog med ansvar for den spesialpedagogiske hjelpa også må rettleie resten av personalet på avdelinga slik at barnet får eit heilheitleg tilbod.

Fylkesmannen finn at det ikkje er tydeleg om heile det tildelte timeomfanget er tenkt som direkte hjelp til barnet, eller om kommunen meiner at det skal nyttast timar frå den tildelte ressursen til rettleiing av personalet. Det er eit overordna krav at det skal gå tydeleg fram av vedtaket kva slags tilbod barnet har rett til å få, og det bør gå fram kor stor del av timeomfanget barnet har rett til direkte hjelp. Det er ikkje nemnd i vedtaka.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt c) ikkje er oppfylt.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast?

I RefLex svarar kommunen at det står både årstimar og kor mange timar det er tenkt pr. veke i vedtaket.

I sjølve vedtaksformuleringa, i tabellen, er det kort oppgitt i alle vedtaka korleis hjelpa skal organiserast. Dømes på slik omtale er «tid åleine med pedagog og i lita gruppe», «organisering i lita gruppe og at ein vaksen er tilgjengeleg for (barnet) ved behov.»

Slik formulering er også gjentatt under overskrifta «Organisering». Alle vedtaka har også same formulering om at tilbodet skal utformast og organiserast etter tilråding i sakkunnig vurdering og i nært samarbeid med foreldre.

Formuleringa om «at tilbodet skal utformast og organiserast etter tilråding i sakkunnig vurdering og i nært samarbeid med foreldre» i vedtaksteksten, ser ut til å vere frå kommunens mal for vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Fylkesmannen finn at det er lite informasjon i denne formuleringa. Det er ikkje teke stilling til kva råd i den sakkunnige vurderingane som er vektlagt når det blir vist til at vedtaket skal organiserast etter tilråding i sakkunnig vurdering. Det er heller ikkje vist til korleis det er samarbeidd med foreldra eller kva som er lagt vekt på i slikt samarbeid.

Dei sakkunnige vurderingane som er grunnlag for vedtaket har heller ikkje tydelege råd for korleis den spesialpedagogiske hjelpa skal organiserast, slik at grunnlaget for å omtale tydeleg korleis hjelpa skal organiserast, ikkje er til stades. Samla vurderer vi at vedtaka ikkje gjer det synleg og tydeleg korleis dei tildelte timane til spesialpedagogisk hjelp skal organiserast.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt d) ikkje er oppfylt.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gir hjelpa skal ha?

Alle vedtaka har same formulering om kompetanse hos dei som gir hjelpa: «Barnehagelærer eller spesialpedagog skal stå for tilbodet.» Det er døme på at sakkunnig tilrår det same: «pedagog/spesialpedagog».

Barnehagelova har ikkje uttrykkelege krav til kompetansen til den som skal gi barnet den spesialpedagogiske hjelpa, men kompetansekrava er å forstå slik at i utgangspunktet må hjelpa gjevast av ein person med pedagogisk kompetanse. Vedtaket må avklare kva kompetanse som er naudsynt ut over det grunnleggjande kravet om pedagogisk kompetanse, eller om kravet om kompetanse kan fråvikast, til dømes ved bruk av assistent. Slik anna kompetanse enn pedagogisk kompetanse må spesifiserast og grunnleggjast.

Slik formuleringa er i nokre av vedtaka, er det ikkje klårt fastsett kva kompetanse som stettar behova til barnet, og det vil kunne vere opp til barnehagen å velje kva kompetanse som skal nyttast. Både barnehagelova § 19 d Sakkunnig vurdering og § 19 e Vedtak om spesialpedagogisk hjelp, har spesifikke krav om at kompetanse til dei som gir hjelpa skal spesifiserast. Fylkesmannen finn ikkje at dette er gjort i vedtaka.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt e) ikkje er oppfylt.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldrerådgjeving?

Under overskrifta «Organisering» heiter det i vedtaka at «Ressursen skal i tillegg gje foreldra tilbod om rettleiing». Det er ikkje vist til kva tal timar foreldrerettleiinga utgjer av den tildelte ressursen, ut over formuleringa om at «foreldra får rettleiing gjennom dagleg kontakt med pedagog som står for tilbodet, foreldresamtalar i barnehagen og samarbeidsmøte med andre instansar. Det er såleis ikkje omtalt kor mykje av timeomfanget i vedtaket som utgjer den direkte hjelpa til barnet. I RefLex viser kommunen til det som står i vedtaka, og som vi har sitert over.

Kravet i lova er at vedtaket skal ha med *tilbod* om foreldrerettleiing. Eit vagt oppgitt tilbod er vanskeleg å ta stilling til, og omfanget og forma på rettleiinga må derfor komme tydeleg fram av vedtaket. Fylkesmannen finn at vedtaka ikkje gir eit tydeleg tilbod om foreldrerettleiing.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt f) ikkje er oppfylt.

2.2 Særskilt plikt til å grunngje vedtak

2.2.1 Rettsleg grunnlag

Dersom vedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga, må kommunen grunngi kvifor vedtaket ikkje følgjer tilrådingane, jf. barnehagelova § 19 e første ledd. Grunngivinga må vise kvifor vedtaket vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle barnet sitt behov.

2.2.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Grunngjev kommunen vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga?

Fleirtalet av vedtaka viser til at dei er i samsvar med sakkunnig tilråding. Det er døme på eitt vedtak som gir fleire timar enn det som sakkunnig har tilrådd. I vedtaket er auken grunngitt med: «Dette på grunnlag av tidlegare vedtak til barn med liknande utfordringar og kunnskap om at fagleg/pedagogisk kompetanse og tidleg innsats er viktig i dette arbeidet.»

I eigenvurderinga RefLex svarer kommunen nei på spørsmålet om grunngjevinga likevel viser korleis barnet likevel vil få naudsynt hjelp slik at barnets vanskar og utfordringar blir avhjelpt.

Fylkesmannen vil peike på at dersom foreldra til barnet, jf.bhl. § 19 b, samtykker til vedtaket, kan kommunen gi meir enn det som er tilrådd, når det er grunngitt. Kravet om

at avvik frå sakkunnig vurdering skal grunnjevast, er særleg for å sikra at vedtaket er tilstrekkeleg for å oppfylle barnets behov. I dette dømet er barnet tildelt meir enn det som er tilrådd, og det er grunnlagt. Fylkesmannen vurderer at det her ikkje er brot på regelverket.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova om grunngeving av enkeltvedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga, er oppfylt.

2.3 Barnets beste

2.3.1 Rettsleg grunnlag

Det må gå fram av vedtaket kva som er barnets beste, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, og det skal mykje til for å setje det til side. I vedtaket må kommunen ta stilling til kva som er barnet sitt beste, og vurderinga må gå fram av vedtaket. Barnet sitt syn på den spesialpedagogiske hjelpa er svært viktig i vurderinga av kva som er til barnet sitt beste. Vedtaket må gjere synleg ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnet sitt behov for utvikling og læring må avvegast mot andre behov, for eksempel deltaking i fellesskapet og kvile.

2.3.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Tek kommunen stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

I RefLex skriv kommunen at barns beste er alltid eit overordna omsyn i enkeltvedtak gjort i høve barn, og at i malane for nytt administrativt dataverktøy for barnehage vil barns beste bli tatt med.

Inga av vedtaka kommunen har sendt til tilsynet har nemnd eller brukt som grunngeving at den spesialpedagogiske hjelpa er vurdert til å vere til det beste for barnet.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har gjort ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnets behov for utvikling og læring er avvege mot eventuelle andre behov som til dømes deltaking i fellesskapet og behov for kvile. Fylkesmannen vil peike på at det rettslege kravet er at det må gå fram av vedtaket kva som er barnets beste. Det må vurderast enten under alle punkta i bhl § 19 e), eller det må gjerast ei samla, oppsummerande vurdering som grunngir kvifor ein meiner at vedtaket er til det beste for barnet, med utgangspunkt i dei faktisk tilhøva og i sakkunnig vurdering. Vedtaket må ta stilling til kvifor den tildelte hjelpa er til det beste for barnet, det må synleggjerast kva grunnlaget for dette er. Fylkesmannen finn at dette ikkje er gjort i dei vedtaka kommunen har fatta.

I nokre tilfelle vil den sakkunnige vurderinga kunne ivareta avveginga av kva som vil vere til barnets beste, men i så fall må vurderinga vere tydeleggjort i den sakkunnige vurderinga. I kommunens vedtak er det ikkje vist til kor i den sakkunnige rapporten det er gjort ei vurdering av barnets beste, eller kva som går fram av denne vurderinga.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet om at vedtaka må ta stilling til kva som er til det beste for barnet, ikkje er oppfylt.

2.4 Informasjon om klagerett og innsyn

2.4.1 Rettsleg grunnlag

Vedtaka må informere om klagemoglegheit, klagefrist, klageinstans, og om at klagen skal sendast til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27.

2.4.2 Fylkesmannens observasjonar og vurderingar

Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?

Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka?

Alle vedtaka har ei lik formulering med informasjon om høve til å klage. I tillegg er det lagt ved vedtaka eit eige skriv – *Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak*. I informasjonen går det fram kva som er fristen til å klage over vedtaket, at Fylkesmannen er klageinstans og at klage skal sendast til Stryn kommune. Det er også vist til rett til å sjå dokumenta i saka, og vist til heimel for dette i forvaltningslova.

Fylkesmannen finn at vedtaka inneheld naudsynt informasjon om retten til å klage og retten til å sjå dokumenta i saka.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkrava er oppfylt.

3 Fylkesmannens reaksjonar

3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at Stryn kommune ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Krav til innhald i vedtak om spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19

Vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om:

1. kva hjelpa skal gå ut på.
2. kva timeomfang som er den direkte hjelpa til barnet.
3. korleis hjelpa skal organiserast.

4. kva kompetanse dei som gir hjelpa skal ha.
5. tilbod om foreldrerådgjeving

Barnets beste,

6. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp må ta stilling til kva som er til det beste for barnet.

3.2 Oppfølging av pålegga

Stryn kommune har ikkje kommentarar til innhaldet og konklusjonane i den førebelse tilsynsrapporten. Kommunen har på bakgrunn av den førebelse rapporten, sett i gang arbeidet med å rette opp dei brota på regelverket som Fylkesmannen har påpeikt, mellom anna utarbeidd ein ny mal for enkeltvedtak. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen har intensjon om at den nye malen vil gi grunnlag for ny praksis, men at ny praksis ikkje er dokumentert gjennomført og implementert pr. i dag, og dermed ikkje sannsynleggjort.

Når pålegga er retta, og ny praksis etablert, skal erklæring om at rettinga er gjennomført og utgreiing av korleis dei er retta, sendast til Fylkesmannen.

Fristen er 1. juni 2020.

Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta, til dømes med korleis nye enkeltvedtak er gjorde.

4 Kommunen har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Hanne Melander

tilsynsleiar

